

## Møte nr. 5 / 2012

**Kontrollutvalget i Forsand**  
**VERT KALLA INN TIL MØTE**  
**03. desember 2012 kl. 13.00 I Møterom oppe**  
**Møtet er opent for publikum og presse**

### SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 34/12 [Godkjenning av protokoll frå møtet 10. september 2012](#)
- 35/12 [Orientering om budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016](#)
- 36/12 [Oppfølging av rapport forvaltningsrevisjon - Budsjettstyring](#)
- 37/12 [Orientering frå rådmannen om kva kommunen har gjort med tilrådingane i selskapskontrollane Ryfylke Miljøverk og Rogaland Revisjon IKS](#)
- 38/12 [Rapport forvaltningsrevisjon: Anskaffingar](#)
- 39/12 [Bestilling forvaltningsrevisjon: Barnevern](#)
- 40/12 [Årsplan for 2013 - Forsand kontrollutval](#)
- 41/12 [Statusoversikt november 2012](#)
- 42/12 [Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvarsområder del II](#)

### EVENTUELT

### REFERATSAKER/MELDINGAR

**Periode:** 10. september 2012 - 03. desember 2012

Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
4/12	200800057-62	Melding om vedtak - Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

Rådmannen er invitert til å orientere i sakene 35/12 – 37/12

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile , må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/ varamedlemmer.

Forsand, 26.11.12

Inger Anita Merksdal  
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland  
Sekretariatet

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100005  
Arkivkode : E: 049  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallsaksnr.</b> 34 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 10. SEPTEMBER 2012

Sjå vedlagt protokoll frå kontrollutvalet sitt møtet 10. september 2012

Forslag til

### VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet 10. september 2012.](#)

SANDNES, 23. november 2012

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Protokoll frå møtet 10. september 2012](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800300  
Arkivkode : E: 151  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallsaksnr.</b> 35 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

## ORIENTERING OM BUDSJETT 2013 OG ØKONOMIPLAN 2013-2016

### Bakgrunn

Som eit ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn, pleiar kontrollutvalet å få ei orientering om budsjett og økonomiplanen. Dette for å kunne få ein oversikt over korleis kommunen planlegg drifta for dei neste åra.

### Saksutgreiing

Sekretariatet har invitert rådmannen og økonomileiar til å orientere kontrollutvalet om budsjettet og økonomiplanen.

Budsjettet og økonomiplanen vert send ut frå kommunen.

Forslag til

### VEDTAK:

[Kontrollutvalet tek rådmannen sin utgreiing til orientering.](#)

SANDNES, 23. november 2012

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000088  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallssaksnr.</b>
--	-------------------------------	-----------------------

## **OPPFØLGING AV RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON – BUDSJETT-STYRING**

### **Bakgrunn**

Forvaltningsrevisjonsrapporten: ”*Budsjettstyring*”, vart behandla i kommunestyret sitt møte 21.03.12. Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret i Forsand tek forvaltningsrevisjonen Budsjettstyring (Kommunen sitt styrings-system) til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet får melding om korleis kommunestyret sitt vedtak er følgd opp ca 6 månader etter at kommunestyret har fatta vedtaket.*

I rapporten kjem revisjonen med følgjande tilrådingar til kommunen:

- *Kommunen bør oppdatere økonomireglementet fra 1996. Kommunen bør vurdere om det er behov for at den administrative kontrollen skal utvikles vidare når det gjelder budsjettstyring og risikovurderingar. Det kan i denne forbindelse vurderes å trekke inn erfaringer fra andre kommuner.*
- *Kommunen bør foreta budsjettendringar gjennom året ved vesentlige endringar i prognosene. Kommunen bør årlig budsjettere kun med den investeringsutgift som ein regner medgår det enkelte år. Kommunen bør påse at alle vedtatte årsoppgjørdisposisjonar blir tatt med i regulert budsjett.*

### **Saksutredning**

Rådmannen har i e-post av 19.11.2012 gitt tilbakemelding på korleis rapporten er følgd opp, brevet er lagt ved saken. Rådmannen si tilbakemelding tek for seg de ulike tilrådingane i rapporten, og går i hovudtrekk på:

- Oppdatering av økonomireglement er påbegynt og vert ferdig i 2013.
- Prognosar vert fortløpande vurdert i månadleg leiarmøte med tanke på endringar i budsjett.
- Årleg budsjettere investeringsutgiftar som ein reknar vil gå med, vil ein forsøke å få til frå og med i år
- Kommunen har frå og med 2011 endra praksis slik at alle vedtekne årsoppgjørdisposisjonar er tekne med i regulert budsjett.

Vi viser eller til rådmannen sitt svarbrev og utgreiing i møtet

I følgje kontrollutvalsføreskrifta med merknader, tilligger det kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligger ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, da dette er

rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalget meiner saker ikkje er følgde opp på en tilfredsstillende måte.

Forslag til

**VEDTAK:**

1. Kontrollutvalget i Forsand tar rådmannens tilbakemelding om oppfølging av rapporten "Budsjetstying" til orientering
2. Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering

SANDNES,

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

Epost med svar frå rådmannen: [Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Budsjetstying](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800069  
Arkivkode : E: 047  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallsaksnr.</b> 37 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

### **ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM KVA KOMMUNEN HAR GJORT MED TILRÅDINGANE I SELSKAPSKONTROLLANE RYFYLKE MILJØVERK IKS OG ROGALAND REVISJON IKS**

#### **Bakgrunn**

Det er kontrollutvalet som skal innstille til kommunestyret når dei sendar over rapportar til kommunestyret. Begge desse rapportane vart oversende til kommunestyret med ei innstilling frå kontrollutvalet om at rapportane skulle følgjast opp ca 6 månader etter kommunestyrets vedtak. Då begge rapportane var lagde fram for kommunestyret var vedtaka endra slik at punktet om oppfølging vart teke ut. Difor har sekretariatet bede rådmannen om å kome i møtet og orientere munnleg.

#### **Saksutgreiing**

I invitasjonen til rådmannen har kontrollutvelet bede rådmannen gjerer greie for to forhold:

1. Ved kommunestyret si behandling av rapportane er kontrollutvalet si innstilling endra, slik at punktet om oppfølging er falt bort. Rådmannen vert beden om å gjere grei for korleis dette har skjedd og korleis kommunen kan unngå at dette skjer i framtida.
2. Kontrollutvalet vil også be om ei munnleg utgreiing om kva kommunen har gjort i forhold til tilrådingane i rapportane.

Rådmannen har i etterkant peika på at i fylgje protokollen fatta kommunestyret følgjande vedtak: "Kommunestyret i Forsand tar den framlagde selskapskontrollen av Rogaland Revisjon IKS til etterretning i samsvar med kontrollutvalet si tilråding." Rådmannen fekk difor anledning til å kome med ei skriftleg tilbakemelding på denne rapporten. Då sekretariatet ikkje har motteke nokon tilbakemelding reknar ein med at rådmannen har valt å orientere munnleg.

Sekretariatet har og bede omn tilbakemeldingar frå begge selskapa på tilrådingar retta mot selskapa. Desse har me fått felles for alle eigarkommunane, sjå vedlegg.

#### **Tilrådingane i rapporten om Ryfylke Miljøverk IKS var:**

##### *TILRÅDINGAR TIL SELSKAPET:*

- Styret bør utarbeide en styreinstruks. Styret bør foreta en skriftlig egenvurdering.
- Selskapet bør opplyse om omsetningen av næringsavfall og prisingen. Dette kan praktisk skje i en note til årsregnskapet. Selskapet bør vurdere om det skal utarbeides to selvkostregnskaper. Et for husholdningsavfall og et for slamtømming.
- Selskapet bør benytte kalkylerente iht. KRD sine retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester. Dette gjelder både for renter på restverdien av varige driftsmidler og på selvkostfond (opptjent egenkapital). Kalkylerenten kan tas inn i regnskapet som kostnad og inntekt og hvor selvkostresultatet etter retningslinjene da vises for seg.
- Alle styremedlemmer bør sørge for å registrere seg i KS sitt styreverregister. For selskapet er det fem av syv styremedlemmer som ikke er registrert.
- Selskapet bør vurdere om det er behov for å tegne styreforsikring for styremedlemmene (det økonomiske ansvaret).

##### *TILRÅDING TIL EIGARANE:*

- Kommunene bør utarbeide en eierskapsstrategi for selskapet. Det anses mest praktisk at eierskapsstrategien utarbeides i et samarbeid med alle eierkommunene.
- Finnøy, Hjelmeland og Forsand bør utarbeide eierskapsmelding med generelle eierstrategier og med eiermøte i kommunestyret om kommunens samlede eierskap.
- Kommunene bør sørge for obligatorisk opplæring av sine eierrepresentanter.
- På generelt grunnlag bør det vurderes bruk av valgkomité hvor også en formell vurdering av habilitet og kompetanse inngår. Det understrekes her at vi ikke har noe spesielt å påpeke til styrets forvaltning av selskapet. Vi kan i denne forbindelse ellers vise til de nye habilitetsreglene som trer i kraft etter neste kommunevalg.

Ryfylke Miljøverk IKS skriv i sitt svar (sjå vedlegg 1) mellom anna:

Selskapet at dei vil lage ein styreinstruks, basert på malen frå IVAR IKS (vedlagt). Når det gjelder omsetning av næringsavfall, har selskapet saman med selskapets revisor, funnet at denne er så låg at det ikkje er nødvendig å vise dette rekneskapen. Selskapet vel å bruke faktisk rente i staden for kalkylerenta som departementet har sett. Nytt styre er i ferd med å registrere seg i styrevervsregisteret. Og selskapets styre vil vurdere styreforsikring.

### **Tilrådingane i rapporten om Rogaland Revisjon IKS var:**

OPPSUMMERT KOM REVISOR MED DESSE TILRÅDINGANE OVERFOR EIGARANE:

1. Dei eigarkommunane som ikkje har vedteke eigarstrategi og/eller eigarmelding, vert rådde til å leggje fram slik sak til politisk behandling.
2. For å sikre at eigarrepresentantane etterlever dei strategiar som er vedtekne, vert det rådd til å styrkje opplæringa knytt til eigarstrategi og eigarstyring.
3. Eigarkommunane vert rådde til å ta stilling til kor vidt selskapet sine oppgåver er tildelt i eigenregi og kor vidt selskapet har erverv til føremål. Bestemmingar om dette bør gå tydeleg frem av selskapsavtalen, eventuelt av vedtektene.

REVISOR KOM MED DISSE ANBEFALINGENE OVERFOR STYRET/SELSKAPET:

1. Selskapet vert rådd til å registrere styrerepresentantane i styrevervsregisteret i tråd med de krav som stilles av kommunane, jf. 19 tilrådingar til godt eigarskap pkt. 16.
2. Rogaland Revisjon IKS vert rådd til å vurdere overordna krav knytt til miljøvern i eigarmeldinga hos enkelte av eigarane, og Stavanger kommune spesielt, og vurdere korleis disse skal arbeidast inn i selskapet sine retningslinjer og rutinar.

Rogaland Revisjon IKS sitt svar finn de i vedlegg 1 me visar til dette.

Tilbakemeldinga frå styret/dagleg leiar omhandlar i stor grad punkt 3 av tilrådingane til eigarkommunane, samt andre forhold frå rapporten som ikkje var direkte omtala av tilrådingane til selskapet. Det er ikkje gitt spesiell tilbakemelding på kva som er gjort i forhold til dei to tilrådingane som vart gitt overfor selskapet ut over at det uttales til slutt at "alle forhold frå reiste selskapskontroll vert sett på som lukka".

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen og tilbakemeldingane frå selskapa til orientering**

SANDNES, 26. november 2012

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

1. [Tilbakemelding frå Ryfylke Miljøverk IKS](#)
2. [Tilbakemelding frå Rogaland Revisjon IKS](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100031  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallssaksnr.</b> 38 /2012
--	-------------------------------	-----------------------------------

## RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON: ANSKAFFINGAR

### Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke rapport om forvaltningsrevisjon "Anskaffingar", sjå vedlegg. Prosjektet vart bestilt av kontrollutvalet i møtet 29.11.2011.

Føremålet med prosjektet var: *"Formålet vil vere å undersøkje om lov om offentlege anskaffingar, styrande dokumenter for innkjøpsområde og vedtak vert etterlevd i Forsand."*

Prosjektet skulle sjå nærare på fylgjande problemstillingar:

1. *Korleis er innkjøpsfunksjonen i kommunen organisert?*
2. *I kva grad har kommunen tilstrekkelege system og rutinar for gjennomføring og oppfølging?*
3. *I kva grad har kommunen tilstrekkeleg innkjøpskompetansen?*
4. *I kva grad vert kjøp gjennomført i tråd med lov og regelverk?*
5. *På kva områder er det særleg sannsynleg at det kan oppstå brot på regelverk og kva konsekvensar kan dette få?*
6. *Har kommunen inngått rammeavtalar og korleis vert dette utnytta*

### Saksutgreiing

I rapporten peikar revisjonen følgjande funn:

- Kommunen har desentralisert innkjøp, kor sa 30 tilsette kan gjer innkjøp. Det er ikkje eigen tilsett innkjøpsansvarleg, men EDB-koordinator har innkjøpsansvar i 10-20% av stillinga si.
- Forsand kommune har ikkje eige innkjøpsreglement eller nedskrivne rutinar for innkjøp. Økonomireglementet seiar at kommunen skal ha ei samordna innkjøpsordning og at det skal vere ein innkjøpsleiar. utfordringa er at innkjøpsansvarleg ikkje har nok tid til å utøve innkjøpsfunksjonen og oppretthalde tilstrekkeleg kompetanse i seksjonane. Revisjonen visar at det har vore tids- og arbeidskrevjande å skaffe fram den underliggjande dokumentasjonen, noko som kan tyde på svakheiter i arkivsystem og arkivrutinar.
- Rapporten visar følgjande avvik når det gjeld å overhalde regelverket for offentlig anskaffingar: Eit av fire kjøp over terskelverdien på kr 500.000 er ikkje lyst ut i Doffinbasen. Stikkprøver på 23 kjøp over terskelverdien på kr 100.000 visar at det ikkje er ført nokon form for protokoll.
- Kjøp er eit område med høg risiko kor det er viktig å kontrollere at ein ikkje overstig terskelverdiane. Kommunen har utfordringar med å sjå til at det vert skrive protokollar på kjøp kr 100.000 og fylgje opp at rammeavtalar vert brukt og at desse er gyldige.
- Kommunen er medlem i Innkjøpsassistanse Vest og har inngått fleire rammeavtalar. Men kommunen har ikkje fullstendig oversikt over desse.
- Revisjonen konkluderar med at kommunen har betydelege brot på lov om offentlege anskaffingar, kor dei fleste brota skuldast manglande protokollføringar på anskaffingar mellom kr 100.000 og 500.000.

Revisjonen kjem med følgjande tilrådingar til kommunen:

- *Forankre innkjøp i administrasjonen ved å delegerer mer tid til innkjøpsfunksjonen, og utarbeide rutiner for innkjøp/ innkjøpsreglement som vedtas i kommunestyret.*
- *Utarbeide en fullstendig oversikt over alle inngåtte rammeavtaler i kommunen.*
- *Gjøre informasjon om innkjøpsrutiner og oversikt over rammeavtaler tilgjengelig på kommunens intranett - og informere om det*
- *Vurdere behovet for nye avtaler, og samtidig arbeide for å øke bruken av eksisterende rammeavtaler.*
- *Styrke kompetansen på innkjøp slik at:*
  - *Alle kjøp over terskelverdiene lyses ut i de tilfeller hvor det er påkrevd*
  - *Anskaffelsesprotokoll i tråd med forskriftens krav utarbeides i de tilfeller hvor det er påkrevd*
  - *Skatteattester og HMS-egenerklæring innhentes i de tilfeller hvor det er påkrevd*

I følge revisjonsføreskrifta § 8, 2. skal administrasjonssjefen (rådmannen) gis anledning til å gi uttrykk for sitt syn på de forhold som kommer fram i rapporten. Administrasjonssjefens kommentarar skal også gå frem av sjølve rapporten, sjå vedlegg 3.

I rådmannen sin kommentar til vurderingane og forslaga i rapporten heitar det:

1. *Det er ikkje tilstrekkelege personalressursar til å styrke innkjøpsfunksjonen sentralt. Dette må takast opp me kommunestyret. Innkjøpsreglement vert laga som ein del av økonomireglementet.*
2. *Oversikt over rammeavtarar vert laga. Når dette og innkjøpsreglement er klart vil dette bli tilgjengeleg på intranett.*
3. *Nye rammeavtarar vert vurdert ved behov.*
4. *For å styrke kompetanse på innkjøp vil ein innskjerpe i organisasjonen at det ved kjøp mellom 100.000 og 500.000 skal ver protokoll. Dette vert samstundes teke opp i leiarforum.*

Etter forskrift om kontrollutval § 12 skal kontrollutvalet følgje opp vedtak som kommunestyret gjer ved handsaming av rapporter om forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere følgjande

#### VEDTAK:

1. [Kommunestyret i Forsand tek forvaltningsrevisjonen "Anskaffelser" til orientering](#)
2. [Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet får melding om korleis kommunestyret sitt vedtak er følgd opp ca 6. månader etter at kommunestyret har fatta vedtaket.](#)

SANDNES,

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Rapport forvaltningsrevisjon: Anskaffingar](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201200062  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallsaksnr.</b> 39 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

## BESTILLING FORVALTNINGSREVISJON: BARNEVERN

### Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i møtet 10. september 2012, å be Rogaland Revisjon lage eit utkast til prosjektmandat for bestilling av forvaltningsrevisjon av barnevernet i Forsand i 2013. Sekretariatet har motteke utkast til prosjektmandat som ligg ved saken

### Saksutgreiing

Innleiingsvis skriv revisjonen litt om utviklinga i barnevernet i Forsand:

- *Ressursbruken i Forsand er lang høgare samanlikna med andre kommunar. Dette gjeld både kommunegruppe 16 som Forsand tilhøyrar og gjennomsnittet i Rogaland.*
- *Samanlikna med 2005 hadde barnevernet i 2011 om lag same tal på undersøkingar, medan talet på overtakingar har auka. I 2011 har barnevernet og brukt ein del ressursar på sakar i Fylkesnemnda og ankesakar i rettssystemet.*
- *Barnevernet har samarbeid med andre avdelingar internt i kommunen og deltek i interkommunalt arbeid*

Revisjonen føreslår at formålet med revisjonen kan definerast som følgjer:

Prosjektet har fleire formål, då det skal forsøke å sei noko om årsaka til

- *Den sterke veksten i utgiftene*
- *Det sterke auken talet i på ansvarsovertakingar*
- *Kvifor mange barn i kommunen har tiltak frå barnevernet*

Ut frå dette har revisjonen føreslått følgjande problemstillingar som skal undersøkjast:

- *Kva faktorar forklarar utgiftsveksten, spesielt mot. tiltak utanfor heimen?*
- *Kva er det som kan forklare de sterke auken i talet på omsorgsovertakingar? Har det vore mange ankesaker i fylkesnemnda, og i kva grad har kommunen fått medhald?*
- *Kvifor er det så mange barn i kommunen som har barnevernstiltak? Og kva tiltak har dei? I kva grad vert tiltaka evaluert og avslutta?*
- *Korleis fungerer samarbeidet internt i kommunen?*
- *Korleis fungerer samarbeidet med eksterne (andre kommunar Bufetat osv?)*

Revisjonen planlegg å bruke 130 timar på prosjektet.

Me visar elles til prosjektmandatet for nærare opplysningar om bakgrunn, revisjonskriteriar og metodeval.

Kontrollutvalet må vurdere om føremålet og problemstillingane dekker det utvalet ønskjar at forvaltningsrevisjonen skal sjå på. Dersom det er andre problemstillingar o.a. som ein ynskjer å ha med i bestillinga, må desse takast med i møtet, då bestillinga er styrande for korleis forvaltningsrevisjonen vert gjennomført.

Forslag til

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonen barnevern i tråd med det framlagde forslaget til prosjektmandat, med dei endringane som kom frå i møtet.

SANDNES, 26. november 2012

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Utkast til prosjektmandat: Barnevern Forsand](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800097  
Arkivkode : E: 146  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallsaksnr.</b> 40 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

## ÅRSPLAN FOR 2013 - FORSAND KONTROLLUTVAL

### Bakgrunn

Kontrollutvalet sin årsplan er en overordna plan som dekker alle aktivitetane til kontrollutvalet i året som kjem. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for kontrollutvalet, ved at den gir ein oversikt over forventa aktivitet det neste året. Årsplanen inngår i kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret.

### Saksutredning

Planen gir ein kort oversikt over korleis kommunen sitt system for kontroll og tilsyn er satt saman. Det finnes vidare ein oversikt over saksbehandlinga i utvalet. Siste del av planen tar for seg dei oppgåver kontrollutvalet ventar å arbeide med i året som kjem.

Som vedlegg til planen ligger en oversikt over oppgåver fordelt ut over de ulike møta, ut frå de opplysningane vi har nå. Men planen kan verte endra undervegs. Det kan det kome endringar ved at saker kan bli forseinka som at rapporter el. Ikkje vert ferdig når dei var venta, eller at sakar vert flytt til seinare møte på grunn av saksmengde. Det kan og dukke opp saker undervegs som kontrollutvalet velgjer å behandle.

Som nemnt innleiingsvis inngår årsplanen i kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret, og planen vert difor send til kommunestyret til orientering

Forslag til

### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand vedtek årsplanen 2012 med de endringane som kom fram i møtet
2. Vedteken plan vert send til kommunestyret til orientering.

SANDNES, 19. november 2012

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Forsand kontrollutval – årsplan 2013](#) (eiget vedlegg)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800045  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallsaksnr.</b> 41 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

## STATUSOVERSIKT NOVEMBER 2012

### Bakgrunn

Statusoversikta gjer ei oversikt over kor langt kontrollutvalet er kome med dei sakene som dei skal følgje opp over tid. Dei sakene som vert tekne med i oversikta er bestillingar som kontrollutvalet gjer eller andre saker kor kontrollutvalet meiner det er nødvendig eller viktig å følgje med over tid. Statusoversikta vert oppdatert fram til kvert møte.

### Saksutgreiing

Kontrollutvalet har i dette møte behandla rapporten for forvaltningsrevisjonen for 2013, og bestilt ny forvaltningsrevisjon for 2013. Sjå eigne saker.

Vidare har kontrollutvalet følgd opp ein forvaltningsrevisjon og to selskapskontrollar.

Overordna analyse som er eit grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon er no flytt over til Saker som er avslutt, då plan for forvaltningsrevisjon er vedteken i kommunestyret.

Forslag til

**VEDTAK:**

**Kontrollutvalet tek statusoversikt november 2012**

SANDNES, 26. november 2012

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Statusoversikt november 2012](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800030  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 03.12.2012	<b>Utvallsaksnr.</b> 42 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

## KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER OG ANSVARSOMRÅDER DEL II

### Bakgrunn

I sammenheng med opplæringa av kontrollutvalet vedtok kontrollutvalet ein plan for vidare oppfølging. I tråd med denne planen skulle kontrollutvalet i siste møtet i år ha ein ny gjennomgang av den generelle opplæringa.

### Saksutredning

Me har laga ein ny presentasjon som me vil gå gjennom i møtet.

Ein viktig del i denne gjennomgangen er at medlemmene i utvalet skal få god høve til å stille spørsmål. For å gjere dette legg me ved den presentasjonen me har laget.

Forslag til

**VEDTAK:**

[Kontrollutvalget tek gjennomgangen til orientering](#)

SANDNES,

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

Presentasjon: [Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvarsområder](#)

[Saksliste](#)

[Referatsaker/meldingar](#)

[Førre](#)

## **REFERATSAKER/MELDINGAR**

**Periode:** 10. september 2012 - 03. desember 2012

<b>Nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Referatsakstittel</b>
------------	-----------------	--------------------------

4/12	200800057-62	Melding om vedtak - Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016
------	--------------	---

[Saksliste](#)